

## Det er ikkje berre EU og britar som kranglar om fisk og fiskekvotar. Det går ei kule varmt i Hemsil også.

Gjennom fire generasjonar har familien til Terje Korsmo fiska **ørret** i Hemsedal. For nokre år sidan blei det ulovleg for vaksne å fiske med mark i Hemsil, men etter lakse- og innlandsfiskelova har ungar opp til 16 år framleis lov til å drive markfiske i flugesona med rettleiing frå foreldre. Då må foreldra ha **fiskekort**.

Jacob (8) og Jan Mikkel Korsmo (7) fortel at dei har fiska i Hemsil i fleire år. Far Terje Korsmo seier at ungane har kvidd seg for å bli med til elva i det siste. Årsaka er fleire hendingar der det har vorte høglydte diskusjonar med fiskeoppsynet og flugefiskarar. Korsmo meiner han blant anna blir skulda for manglande **fiskekort**.

– Dei trur eg fiskar, og fiske har eg også gjort i mange år. No er det ikkje lov å fiske med mark for vaksne, og det er greitt nok det. Men dei har altså fått for seg at ungane skal bort frå elva, dei også, seier far Terje Korsmo.

### Ein meningsfull hobby

Familien er mykje ute og fiskar på sommaren, både i Hemsil og i andre vatn i Hemsedal. Dei tar ofte med seg badetøy og niste og gjer det til ein heildagsaktivitet. Både Jacob og Jan Mikkel er glad i å ete fisken dei får på kroken.

– Fiske er ein meningsfull hobby for barna. Dei får vere ute i naturen og får gode minne frå sommarferien. Det er mykje betre enn å sitte på iPad heile dagen, seier mor til Jacob og Jan Mikkel, Renate Danielsen.

### Økonomiske interesser

Korsmo og Danielsen meiner det har vore fleire utrivelege hendingar ved elva, og seier det er å tide å vise korleis fiskeoppsynet i Hemsedal ter seg. Dei fortel om fleire episodar dei siste åra, og påstår at dei har blitt filma med drone, fått kjeft framfor barna fleire gonger, og blitt skulda for ulovleg fiske.

– Dette har gått føre seg i lang tid no. Vaksne, vettuge folk burde forstå at dei øydelegg rekrutteringa om fiskegleda til neste generasjon forsvinn, seier Korsmo.

Korsmo og Danielsen meiner pengar og statusen til elva er noko av forklaringa på oppførselen frå fiskeoppsynet. Korsmo seier han unner elveeigarane å tene pengar, men at det ikkje skal gå ut over barn.

– Elveeigarlaget seier dei skal ta vare på elva. Sanninga er nok at det er ein eigen klan av **sportsfiskarar** som har dette som sitt mekka og som tener pengar på det. Dei må ha eit bra produkt å selja, derfor må ungar som fiskar med mark, vekk. Dei tener ikkje pengar på slike fiskarar, meiner Korsmo.

### Problem med ulovleg fiske

Hemsedal Elveeigarlag SA, ved styreleiar Stein Breie, har fått høve til å svare på påstandane frå Terje Korsmo. Dei vil ikkje svare ved eit intervju, men har sendt Hallingdølen ein skriftleg uttale. Her står det at flugesoner blei innført som eit forvaltningstiltak i Hemsil i 1998. Reglane som gjeld er at er at all fisk over 38 cm skal setjast tilbake i elva, men at ein kvar dag kan ta med seg ein matfisk under

38 cm, frå flugesona. Dei meiner det lenge har vore et problem med ulovleg fiske, og at fleire høl er blitt fiska tomme dei siste fem åra.

– Hemsil er ei elv der auren lever heile sitt liv i dei same høla i elva. Om ein fiskar tom ein høl, tek det kanskje seks-sju år å få opp att kvaliteten i den fiskehølen, seier Stein Breie på e-post.

Fleire år med konflikt

Hemsedal Elveeigarlag synest det er viktig at barn driv med fiske, og har derfor prøvd å finne ei balansert løysing ved at barn kan fiske med mark i flugesona dersom foreldra har fiskekort og er med og rettleiar.

Elveeigarlaget poengterer også at tilfellet som Hallingdølen omtalar i denne saka, er ein konflikt som har halde på over fleire år.

– Terje Korsmo oppsøker dagleg dei beste høla i elva med sine barn, og er alltid klar for å diskutere og ta feiden med flugefiskarar. Det har vore ein pågåande konflikt langs vassdraget i mange år. Reglane for fisket blir heile tida sett på prøve, fordi stor fisk blir avliva, og at fiskekvoten ikkje blir overhalden. Ved markfiske er det vanskeleg å setja tilbake fisken, seier elveeigarlaget i sin uttale.

– Det har hendt at Korsmo har blitt bedt om å vise gyldig fiskekort og så har han ikkje hatt det med seg.

Grunnlause skuldingar

Terje Korsmo meiner skuldingane er grunnlause og ber elveeigarlaget dokumentere at han har drive ulovleg fiske.

– Eg fiskar ikkje, men eg løyser fiskekort som reglane seier ein skal når ein er med barna på fiske. Dei veit eg har gyldig fiskekort. Eg hjelper den yngste med å kaste ut. Den eldste gjer det sjølv, seier han.

Korsmo meiner ein ikkje kan forvente at

barn klarer å kroke ein fisk slik at ein kan setja han ut att. Han meiner også det er vanskeleg for barn å vurdere om fisken er for stor til å ta med heim, eller ikkje.

– Forventar dei at ein sjuåring skal klare å kaste fluge? Ein får jo ikkje ein gong kjøpt vadebukse til ungene. Når dei blir 16 kan ein begynne å forvente noko, men det er vanskeleg for eit lite barn, seier han.

Vurderer forbod

Til dette seier elveeigarlaget at det er nettopp desse enkle grepa dei vaksne som er med barna sine skal hjelpe til med.

– Dei får ha med seg centimetermål ut. Ein kan også begynne å prøve seg fram med fluge og dupp. Dei vaksne skal syne korleis dei gjer det, seier elveeigarlaget.

For å unngå meir konflikhtar i Hemsil, varslar styret at det no på generelt grunnlag vil vurdere å forby all fiske med mark.

Sanninga er nok at det er ein eigen klan av sportsfiskarar som har dette som sitt mekka og som tener pengar på det.

Terje Korsmo, fiskarpappa

Terje Korsmo oppsøker dagleg dei beste hølane i elva med sine barn, og er alltid klar for å diskutere og ta feiden med flugefiskarar.

Hemsedal Elveeigarlag